



## Detaljregulering for Angelskår akvakulturområde

Nasjonal plan-ID: 1253-2019001

Saksnr 18/1942

Vedteken 27.11.2019

Sist revidert 09.12.2019 med vedtak fra Heradsstyret 27.11.2019

## FØRESEGNER

### 1 REGULERINGSFØREMÅL (pbl §12-5)

1.1 Det regulerte området er vist på plankartet datert 22.05.2019.

1.2 Arealet innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

#### BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, 2. ledd nr. 6)

- Akvakultur (VA)
- Kombinert føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone. Ferdsel og akvakultur (VKA)

#### FØRESEGNOMRÅDE (PBL. § 12-7, 1.ledd nr. 2)

- Vilkår for bruk av arealet, bygninger og anlegg (#)

### 2 GENERELLE FØRESEGNER (pbl § 12-7)

2.1 Det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med tiltak kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærmere granskning på staden, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd. Ved påvising av kulturminne i sjø skal Bergen Sjøfartsmuseum varslast.

2.2 Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova krev godkjenning frå ansvarleg mynde.

2.3 Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at tilstøytande område ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket (Pbl § 12-7 nr. 2 og 4).

2.4 Det er forbode å drive fiske nærmare oppdrettsanlegget enn 100 meter og å ferdast nærmare enn 20 meter. Avstanden vert målt frå ei rett linje trekt mellom anlegget sine faktiske ytterpunkt i overflata, jamfør akvakulturdriftsforskrifta §18 (Pbl § 12-7 nr. 2 og 4).

2.5 Forureining (Pbl § 12-7 nr. 3)

Produksjonen skal føregå i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande utsleppsløyve etter forureiningslova. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, miljøovervaking, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.

Verksemdu knytt til akvakultur skal forholda seg til krav om støynivå etter gjeldande statlege retningsliner, T-1442. Støyutsett busetnad skal skjermast etter gjeldande statlege retningsliner.

Anlegg med tekniske detaljar skal generelt utformast slik at de gir minst mogleg støy og evt. lydisolerast.

Aktivitet ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at dei ikkje medfører luktulemper for naboar og lokalmiljø.

### **3 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, pbl § 12-5, nr. 6**

#### **3.1 AKVAKULTUR, pbl § 12-7 nr. 1, 2 og 9**

Føremålet VA er knytt til akvakultur i sjø og inkluderer vassøyle og sjøbotn.

Innanfor føremålet kan det drivast og oppførast tiltak knytt til akvakultur, dette omfattar mellom anna fôrflåte, fortøyingsrammar med merdar og bøyer, reinsefiskskjul, kamerautstyr, fôrslangar, straumnett, fortøyningar og anna som naturleg fell inn under føremålet. Det er tillate å erstatte eksisterande anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar.

Plassering og utforming av tiltaka, samt produksjonsmåte, artar og type teknologi skal fastsetjast nærmere søknad etter anna lovverk/akvakulturlova m.fl.. Vilkår for drift (t.d. maksimalt tillate biomasse (MTB)) skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande løyper gitt i konsesjon og reguleringar i forskrifter.

Farge- og materialbruk på fôrflåten skal medverke til å dempe anlegget sitt uttrykk, samstundes som tryggleik for sjøverdsferdsel vert teke i vare. Det skal ikkje nyttast lyse fargar eller lysrefleksjonerende materiale. Fôrflåten skal vera i dempa jordfargar. Det skal leggast vekt på ryddigkeit på anlegget.

#### **3.2 Kombinert føremål i sjø og vassdrag: FERDSEL OG AKVAKULTUR, pbl § 12-7 nr. 1, 2 og 9**

Føremålet er fleirbruksområde for ferdsle og akvakultur, og inkluderer vassøyle og sjøbotn. I området er det tillate med oppankring inkl. bøyer for akvakulturanlegg. Det er tillate å etablere, flytte, og skifte fortøyningar, og andre liknande tiltak tilhøyrande fortøyningane til anlegget etter kvar tids gjeldande krav. I området er det hove til å føre fram kablar for tilføring av elektrisitet.

### **4 FØRESEGNOMRÅDE, pbl § 12-7 nr. 2**

#### **4.1 Innanfor #2\_1 skal fortøyingslinje og ankerfeste på botn ligge djupare enn 25m.**

### **5 REKKEFØLGJEKRAV, pbl § 12-7 nr. 10**

#### **5.1 På land skal det settast opp skilt som viser fortøyingslinene i området seinast 1 månad etter nytt fortøyingssystem er etablert om ein får løyve frå grunneigar.**